



Kviteseid kommune
Ordføreren

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Dykkar ref: «REF» Vår ref: 2017/852-30 Saksh: Øystein Tveit,
35 06 81 36 Arkivkode: 141 Dato: 01.02.2018
oystein.tveit@kviteseid.kommune.no

Rullering av kommuneplan - samfunnsdelen - forslag til høyring/offentleg ettersyn

Formannskapet vedtok i møte 25. januar framlegg til ny samfunnsdel av kommuneplanen for Kviteseid kommune. Vedlagt følger saka saman med plandokumentet.

Merknader til planen skal sendast til Kviteseid kommune, Kviteseidvegen 13, 3850 Kviteseid eller på e-post til post@kviteseid.kommune.no. Spørsmål kan rettast til underteikna, tlf. 350 68 134, e-post oystein.tveit@kviteseid.kommune.no
Frist for merknader til planframlegget er 12. april 2018.

Med helsing

Øystein Tveit
utvalssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og sendast utan signatur.

Vedlegg:
1 Kommuneplanen sin samfunnsdel - Plandokument til offentleg høyring - 2018-2030



Kviteseid kommune

Arkiv: 141
 Saksmappe: 2017/852-28
 Sakshand.: Øystein Tveit
 Dato: 12.01.2018

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet	9/18	25.01.2018

Rullering av kommuneplan - samfunnsdelen - forslag til høyring/offentleg ettersyn

Vedlegg:

- 1 Kommuneplanen sin samfunnsdel - Plandokument til offentleg høyring - 2018-2030
- 2 Innspel til kommuneplanen sin arealdel og samfunnsdel - 2018-2030
- 3 E-post - Innspel til kommuneplanen sin samfunnsdel - Kviteseid kommune - 2018-2030
- 4 Referat frå samtale med Anne Marie og Dag Rune Stykket 22.09.17 - innspel til kommuneplanen sin arealdel og samfunnsdel
- 5 Innspel Kafèmøte kommuneplan Kviteseid 03.10.17
- 6 Innspel kafèmøte kommuneplan Morgedal 04.10.17
- 7 E-post - Innspel til kommuneplanen sin arealdel og samfunnsdel - Kviteseid kommune - 2018-2030

Faktiske tilhøve:

Kommunestyret vedtok i augustmøtet dokumentet *Kommunal planstrategi*. Her blei det m.a. bestemt at kommuneplanen, samfunnsdelen og arealdelen skal rullerast i 2017/2018. Ny plan- og bygningslov (pbl) seier at det ved slik rullering og må utarbeidast eit planprogram. Eit slikt planprogram for kommuneplanrulleringa blei vedteke av kommunestyret i sak 044/17 26.01.17, etter at eit forslag hadde lege til offentleg ettersyn/vore sendt på høyring. Kommunen valde ved høyringa av planprogrammet samstundes å invitere til innspel til sjølve planrevisjonen. Vedleggsbolken syner kven som har gitt innspel til planarbeidet.

Planprogrammet som er ein "disposisjon for planen", inneheld også ein framdriftsplan. Det går fram av denne at planforslag på samfunnsdelen skal til handsaming i formannskapet i løpet av

januar/Februar. Forslag til revidert kommuneplan, samfunnsdel blir nå tilrådd lagt ut til offentlig ettersyn/sendt på høyring, jf pbl §11-14. Høyringsperioden skal vere minimum seks veker. Formannskap og til sist kommunestyre vil få planen til godkjenning. Dette vil fyrst kunne skje etter planen i mai/juni som programmert.

Vurdering:

Samfunnsdelen er ved denne revisjonen omarbeidd i samsvar med kva som ligg i dokumentet *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging* (kgl. Res. 24.juni 2011). Det er likevel presisert at utfordringsbildet, slik dette er teikna i regjeringsdokumentet, ikkje er likt for heile kommunenorge. Samfunnsdelen svarar difor på dei hovudutfordringane Kviteseid-samfunnet mest truleg vil møte i planperioden.

Tidlegare hadde samfunnsdelen ein oversikt over andre vedtekne kommunale planar. Denne oversikten ligg nå i dokumentet *Kommunal planstrategi*.

Det har kome mange innspel til samfunnsdelen til kommuneplanen. Dels som skriftlege innspel, men og som innspel på folkemøte i planprosessen.

Det har vore gjennomført fire folkemøte der målet har vore å få ein dialog med dei som ynskja å delta. Dette vart gjort i Vrådal, Morgedal, Fjågesund og Kviteseid.

I tillegg vart det halde eit større folkemøte, der ordørar/rådmann gjekk gjennom planen, før tilhøyrarane fekk kome med sine tilbakemeldingar.

Referat frå desse møta ligg vedlagt.

Det har det kome tilbakemeldingar frå nokre av dei politiske partia. I tillegg har det kome tilbakemeldingar frå firma/enkelpersonar, men her er det mest tilbakemeldingar på forhold som gjeld arealdelen av kommuneplanen, men og nokre få ting som omhandlar samfunnsdelen.

Rådmannen har laga ein oversikt over dei tiltaka som har vorte spelt inn, og desse er delvis teken inn i planen. Formannskapet er kjent med desse prioriteringane, og har godkjent desse vurderingar på kva som skal inn i planen. Det er dermed ikkje sagt at alle er samd i alle prioriteringane.

Det framlagte forslaget til revidert kommuneplan, samfunnsdel blir tilrådd lagt ut til offentlig ettersyn/sendt på høyring i samsvar med pbl §11-14.

Rådmannen si tilråding:

I medhald av pbl §11-14 legg Kviteseid formannskap forslag til revidert kommuneplan, samfunnsdel ut til offentlig ettersyn og sender det på høyring.

Rådmannen får fullmakt til å fastsetje ettersynsperiode og høyringsfrist.

Saksprotokoll i Formannskapet - 25.01.2018

Behandling i møtet:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

I medhald av pbl §11-14 legg Kviteseid formannskap forslag til revidert kommuneplan, samfunnsdel ut til offentlig ettersyn og sender det på høyring.

Rådmannen får fullmakt til å fastsetje ettersynsperiode og høyringsfrist.